
Fra: Else Marie [<mailto:emsdale@online.no>]
Sendt: 10. april 2016 22:59
Til: Arthur Kleiveland
Emne: høyringsinnspel til intensjonsavtale om ny kommune

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10
Høyringsinnspel til intensjonsavtalen frå Radøy Krf.

Punkt 2, Visjon

Krf vil endre på visjonen då me meiner at ordet slagkraftig er for hardt og konkurranseprega. Ved å byggja gode fellesskap, byggjer me og ein attraktiv og slagkraftig region.

Vårt forslag: «Nordhordland kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.

Punkt 3, Verdiar, mål

Kulepunkt nr 9 vil me endra slik: me skal ha innbyggjarretteleing i alle rådhusa der folk møter relevant informasjon.

Punkt 5, Den nye kommunen -

Me ynskjer at større lokalsenter vert lokalisert på Manger, Frekhaug og Lindås, og at nærmiljøsentra vert lokalisert på Hordabø, Vikebø og Ostereidet. Detter fordi at Hordabø alt er ein senter på lik linje (minst) med Vikebø og Ostereidet

Punkt 6, Demokratimodellen

Dette ligg vedlagt.

Punkt 7, Prinsipp for tenestetilbod ...

I tillegg til desentraliserte teneste som er nemde,, ynskjer me også legesenter, fysioterapi og tilbod for demente.

Me vil også ha med at ingen barnehagar skal nedleggjast, og at barnehageplassar skal tildelast i nærområdet.

Mvh Else Marie